

I samband med meldinga har vi stilt forsøksleiaren eit par spørsmål.

— Verknaden av kalking på myr skulle vel nå vera ganske grundig utprøvd, eller meiner De ein må halda fram endå lenger?

— I det store og heile kan ein nok segja at kalkspørsmålet er bra klarlagt når det gjeld slik myr som denne, dvs. god kalkrik grasmyr. Men det melder seg også her stadig nye spørsmål som må granskast, m. a. må vi sjå nærmare på årsakene til at kalken verkar snart slik og snart slik. Og så har vi jo andre, ringare myrtyper som ennå ikkje er nøyande granska, endå vi nok har havt forsøk på slike myrer og.

— Er det større verknad av kalking der?

— Ja, på lite molda mosemyr og mineralfattig grasmyr kan kalkinnhaldet vera svært lite, i forsøka har vi havt myr med ned til 30 kg CaO pr. dekar, elles har det på desse felta gjerne vore derifrå og oppover til vel 100 kg. På slike myrer har det vore gode utslag for kalking med 200—300 kg pr. dekar. Men på mosemyr har vi da samtidig ført på mineraljord, mest sand og sandblanda leir. Utan det blir det gjerne for små avlinger.

Ein kan få eit godt vink om ei myr treng kalking med å få undersøkt kalkinnhaldet i prøver av myrjorda. Er det mindre enn 350—450 kg CaO pr. dekar, kan ein rekne at myra treng kalking.

Haakon Foss.

GJØDSLING AV ENG PÅ MYR.

I melding nr. 35 frå Det norske myrselskaps forsøksstasjon legg Aksel Hovd fram resultatata av forsøk med svakare og sterkare gjødsling til eng på myr i åra 1933—1948. Meldinga er trykt i «Forskning og forsøk i landbruket», hefte 7—8 1950, og er også utgitt som sertrykk.

Forsøka er for ein del utført på forsøksstasjonen si eiga jord, og for ein del andre stader, både på god og mindre god myr. Dei fleste forsøka er hausta i 4—5 år, somme opp til 9 år.

På forsøks garden har dei fleste forsøka legi på vel molda grasmyr som for lenger tid sidan var fullt oppdyrka og som har vore bra gjødsla gjennom åra, men eit par forsøk har legi på nydyrka myr. Til attlegget er det brukt om lag 3 kg timotei og 0,5 kg kløver pr. dekar. Kløveren har ikkje gjort noko vidare av seg her, så enga har mest vore rein timoteieng.

Hovudoppgava for forsøka har vore å undersøke kor langt det kan løne seg å gå med gjødselmengda til eng på slik myr. Det er brukt tresidig blanding av dei vanlege kunstgjødselslaga. Samansetningen av blandinga har veksla noko, m. a. er mengden av kvelstoffgjødsel regulert etter moldingsgraden i myra. På mindre vel molda myr er det brukt like mykje kalksalpeter som superfosfat, på vel molda myr $\frac{1}{3}$ mindre. Mengden av kaliumgjødsel har også vore re-

gulert noko, men i det heile er det her brukt meir kaliumkjødsel enn vanleg på fastmarksjord. Dette er i samsvar med tidlegare forsøksresultat og heng saman med at myrjorda er så mykje fattigare på kalium enn mineraljorda. Som regel er det her brukt meir av vanleg kaliumkjødsel enn av superfosfat i blandinga.

Av den tresidige kunstgjødseblendinga er det i alle desse forsøka prøvd stegvis aukande mengder, men stega har vore noko ulike i dei ymse perioder. Mest prøvd er desse mengdene:

Superfosfat	0	10	20	30 kg pr. da.
Kaliumgjødsel	0	15	30	45 » —
Kalksalpeter	0	10	20	30 » —
<hr/>				
Blanding	0	35	70	105 » —

Altså frå 35 til 105 kg gjødseblending pr. dekar² årleg. Salpeteret er anten gitt berre om våren, eller ein del av det er gitt til etter-slåtten. Enga har som regel vore hausta 2 gonger i året.

Med den sterkaste gjødslinga (105 og til dels 123 kg pr. da) har ein på velmolda og fullt oppdyrka myr kome opp i rundt 1100 kg høy pr. dekar i gjennomsnitt for 4—5 engår. Av dette er 200—300 kg teke i andreslåtten. Avlinga har halde seg godt oppe i 4—6 år, i sume forsøk opp til 7—8 år, med denne etter måten sterke gjødslinga. Med svak eller inga gjødsling er det derimot gått snøgt og jamnt nedover med åra. Det er her ein ser den store skilnaden mellom fastmarksjord og myrjord — myra er mykje meir avhengig av årleg gjødsling enn mineraljorda.

Dei største gjødsemengdene som er prøvd i desse forsøka (105—123 kg) har ikkje berre gitt størst avling, men har også lønt seg best. Gjødselutgifta pr. kg høy som gjødsel har skaffa er blitt om lag 4 øre.

Etter at ein har gjort denne røynsla, har ein i eit par nyare forsøk gått vidare oppover med mengdene, til 140, 170 og 200 kg blanding pr. dekar årleg. Med 200 kg er ein i dei to forsøka komi opp i vel 1200 og 1300 kg høy pr. dekar i to slætt i gjennomsnitt for 4—5 engår, av dette vel 400 og 450 kg i andreslåtten. Gjødselutgifta for kvar kilo høy i meiravling er da blitt bortimot 6 øre. Dette er jo også ei rimeleg utgift. Det er da rekna med prisane i 1947—48, og lagt til for frakt, blanding og spreing av gjødsel.

Om ein skal gå så langt med gjødsemengden i praksis, kjem mykje an på om ein kan nytte dette høyet (meiravlinga) godt, og sjølvstakt kjem det an på om myra og enga er slik at ein kan vente slike avlinger som dei har fått her.

Forsøka utanfor forsøkgarden har også mest vore lagt på grasmyr, men boniteten har veksla der. Og ikkje alle forsøka har vore hausta to gonger i året, slik som ein bør gjera når ein gjødsler sterkt. Avlingene vekslar da også mykje meir her enn på forsøkgarden. Likevel får ein stort sett det same bilete av resultatata frå desse forsøka som frå dei på forsøkgarden på Mæresmyra.

Ein har funne at med svak eller inga gjødsling svingar avlangene meir etter verlaget enn med sterkare gjødsling. På myrjord vil avlinga bli lita i kjølege år, serleg er andreslåttan mykje avhengig av varme. Men det syner seg at gjødselverknaden er så mykje større i kjølege år, at skilnaden mellom varme og kjølege år blir liten eller ingen med sterk gjødsling. Det syner seg og at nedbøren sjeldan er minimumsfaktor på myrjord.

Hovd segjer difor at «veldyrka myrjord er ein god avlingsregulator for gardar med tørrlendt jord og i tørt verlag». Men han strekar og under at sterk gjødsling krev velstelt jord og god eng for å vera lønsam. Og vidare at ein må hauste enga to gonger årleg. I gjødselblandinga må det alltid vera etter måten rikeleg med kaliumgjødsel. Og jamvel på god velmolda myr må ein ta med kvelstoffgjødsel, di meir di simplare myra er. Og noko av denne bør ein gi til andreslåttan.

Haakon Foss.

FORTEGNELSE OVER UTGITTE MELDINGER FRA DET NORSKE MYRSELSKAPS FORSØKSSTASJON.

Melding nr. 1 (1908) av O. Glærum (utgått):

- a. Sammenligning av 4 havre- og 3 byggsorter.
- b. Forsøk med forskjellig såtid.
- c. Dyrkningsforsøk med 3 potetsorter.
- d. Forsøk med forskjellige sorter neper og kålrot på 1. års dyrket myr.
- e. Hodekål på myr.
- f. Bearbeidingsforsøk på myreng.
- g. Grønnfôr på myr.
- h. Overgjødslingsforsøk på myreng.
- i. Avgrøftningsforsøk.

Melding nr. 2 (1909) av O. Glærum:

- a. Dyrkningsforsøk med korn.
- b. Forsøk med forskjellig såtid.
- c. Dyrkningsforsøk med 5 potetsorter.
- d. Forsøk med neper og kålrot.
- e. Hodekål på myr.
- f. Sammenligning mellom Norgesalpeter og Chilisalpeter på nybrutt myr.
- g. Norgesalpeter og Chilesalpeter til grønnfôr på nybrutt myr.
- h. Forskjellig avgrøftning til kunsteng på myr.

Melding nr. 3 (1910) av Jon Lende-Njaa (utgått):

- a. Forsøk med forskjellig såtid.
- b. Sammenligning mellom 6 bygg- og 7 havresorter.
- c. Enggjødslingsforsøk på Mære landbruksskole.